


FANGST OG SKJELPRØVAR I ESPEDALSELVA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst av laks i perioden 1988-2019 var 393 (snittvekt 4,0 kg). Før 1988 var det registrert små fangstar enkelte år, men det er ikkje kjent om dette er reelt eller skuldast manglande innrapportering (**figur 1**, stolpar). Frå årtusenskiftet auka fangstane, fram til rekorden i 2016 (924 laks). I 2019 vart det fanga 694 laks (snittvekt 5,8 kg), ein markert auke frå 2018, og eit av dei beste resultatane som er registrert. Førte laksar vart sett ut att i elva (6 %).

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1988-2009 var 127 fisk (snittvekt 1,0 kg). Fangstane avtok frå 2000 og utover, og frå 2010 har sjøauren vore freda. I 2019 vart det fanga 67 sjøaure, alle vart sett ut att.

Utviklinga i sjøaurefangstane i Espedalselva frå midt på 1990-talet stemmer godt over eins med det ein har sett for resten av fylket (**figur 1**, linje). Det er ikkje tilfelle i same grad for laks, fleire av åra avvik laksefangstane markert frå trenden i fylket elles. Fangstane av laks i 2015-17 var relativt sett klart betre enn snittet for resten av fylket, medan reduksjonen frå 2017 til 2018 var meir markert.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Espedalselva i perioden 1978-2019 (stolpar). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn) og laks (>3 kg, blå), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland (utanom Espedalselva). Sjøauren er freda frå 2010. **NB!** Figuren inkluderer gjenutsett fisk.

Analysar av skjelmateriale

Sidan 2005 er det analysert skjelpørvar av 2207 laks og 16 sjøaure frå Espedalselva (**figur 2**). Dei siste 5 åra har det kome inn mange skjelpørvar, i 2019 mottok me prøvar av 418 laks, som er 64 % av avliva fangst.

Innslaget av rømt oppdrettslaks har vore stabilt lågt etter 2009, andelen har vore ca. 2% eller mindre sidan 2010. I 2019 var det ein oppdrettslaks i skjelmaterialet (0,2 %).



FIGUR 2. Antal skjelpørvar frå Espedalselva (stolpar) og andel rømt oppdrettslaks (linje).

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Edvard Griegs vei 3, 5059 Bergen

Tlf. 55 31 02 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no